

Mange barn trimmar i 2009

14.01.2009



Ni møtte fram då aerobic starta onsdag kveld. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Svært god oppslutnad av dei yngre, men det burde ha vore fleire vaksne med.**

Dette er den konklusjon turngruppeleiar Hege Lekva førebels kjem med til uskedalen.no etter at gruppa har teke fatt på eit nytt år.

Seniorane kom igang allereie i sist veke og då måtte det fem. Talet hadde auka til sju onsdag i denne veka. Gymstick kom også i gang sist veke og leiinga kunne notere 10 deltagarar i aksjon med dette apparatet som vart så populært då det vart lansert i 2007.

Måndag i denne veka var det start for step med eit frammøte på 10. På aerobic som avslutta programmet i dag (onsdag) var det ni i aksjon.

Men alle desse tala blir beskjedne samanlikna med 'barne-partia'.

Til barnetrimmen i dag møtte det 20 og på idrettsskulen kom det 16!

Det var leiar Hege svært fornøgd med.

Og ho går ut frå at det etterkvar også kjem fleire vaksne. Hege innrømmer at annonseringa kunne ha vore betre ved starten på det nye året..

Av Ola Matti Mathisen